

## Styremøte Norsk spaniel klubb avdeling Rogaland. 17. April 2018.

Innkalt av: Leiar Eva Bjelland.

Møtetype: Styremøte.

Deltakarar: Eva Bjelland, Aina Sunde Dahl, Ketil Simonsen, Rut Kverneland Salte, Hans Hodne, Elisabeth Førland på skype, og i anledning det foreståande RS, var og Bente Duckett, og Oddvar Hausken invitert med.

Sak ein; referat frå forrige møte. Godkjent. Kommenterar: Kunne vært noko betre brukarveiledning for heimesida. Tas opp på RS. Fleire burde og kunna med heimesida. Aina og Eva samlast hjå Rut, for litt opplæring i heimeside. Angående alternative gåver/premiar, har me bestemt å bestilla fem skjerf, nå i fyrste omgang.( Elisabeth)

Sak to; RS. –innspel til punkter på RS programmet.

–Digitalisering av våre spaniels. Me seier klart nei takk til det. Me vil behalda bladet på papir, og kunne gjerne hatt nokre store bilete, i staden for mange små.

–Det kjem fleire nye rasekompendier, som er under utarbeiding nå.

–Heimesida til hovedklubben; kvalpeformidlinga fungerer ikkje så greit når ein skal leggja ut kull.

Tungvint. Linka det til finn.no, eventuelt eigen heimeside?

–Avdelingar; berre 3 avdelingar representert i RS dokumenter i år. Det var rart. Medlemstall og slikt saknar me og.

–Dei utsendte rogalendingane vil spørja og grava om kva underskotet skyldast. Det bør sparast på alt anna enn våre spaniels. Kva er «Fremmed tjeneste»? og Juridisk bistand, i forbindelse med våre spaniels? RS gjennomføring kan kanskje gjerast billigare, likeså avdelingsleiar møter. Medlemsavgifta kan og aukast. Me foreslår å auka med 100 kr, helst lagt rett på våre spaniels.

–Revidering av lovar; det vert laga ny lovmal.

–Forslag frå hovudstyret om samarbeid med Norsk retriever klubb. Me seier vel eit «tja» til det.

–kvalpeshow for alle rasar på hovudutstillinga, med formål å få litt auka inntekter. Det er dyre dommarar på hovudutstillinga, men me meiner at eit underskot her ikkje er det verste, det må me kanskje kunna tåla.

–Revisjon av avlsretningslinjer. Tiltak? Sak til behandling i 2019.

–Kurs for hundefrisørar for å læra om spaniels? Tja. Me kan vel heller marknadsføra våre egne pelsstell kurs betre, mellom anna hjå veterinærar.

–Kvalpekurs for spaniels. Me lurar på kva dei har tenkt her.....

–Utstillingskomite HS. Bente vert nå med som medlem her.

–Dommarkonferanse; skal det brukast pengar på dette, bør det og komma noko konkret ut av det, som kan publiserast til medlemmane.

–Fritak frå fullcert ordninga? –Følgja NKK her. Ikkje søka om fritak? Kvifor?.få ein god begrunnelse. (Cert frå spanielklubben) Dette er ikkje berre enkelt, vert nok diskusjon igjen.....

–Kvalpeprisar; dette meiner me ikkje er noko HS skal leggja seg opp i.

–Oppfordra til bruk av spesialdommarar.

Eventuelt: Invitera Bente og Oddvar med på neste møte og. –Arrangera hovudutstillinga her i Rogaland? Fleirtallet i styret har lyst, men me må då ha hall. Det er uansett lenge til, så me får sjå....

Neste møte 5. Juni, hjå Anita.